


Jarle A. Aase  
Gangstøvegen 15  
5911 Alversund



21.11.2016

Lindås kommune  
Postmottak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Dykkar ref.: 16/2625

**Møte med Byggesaksavdelinga om byggeaktivitet på Gnr. 133 brn. 79**

Eg viser til kopi av brev til Remi Andre Tofting datert 22.09.2016.

I brevet set Lindås kommune ein frist for Tofting til å gje utgreiing om div. moglege ulovlege tilhøve på eigedomen sin. Desse forholda angår meg fordi dei er til stor sjenanse og plage for meg og forringar både eigedomsverdien og livskvaliteten.

Det er no over ein månad sidan fristen som kommunen sette for Tofting til å gje utgreiing om sakene, og eg ber om å få informasjon om kva for tiltak som vil bli sette i verk.

Eg viser også til mitt brev av 16.08.2016 og ber på nytt om eit møte med Byggesaksavdelinga i Lindås kommune om dei sakene som eg nemner i brevet.

Beste helsing

Jarle Aase  
Eigar av Gnr. 133 brn. 31

